

# MEMOAR

Medlemsbrev #3-2018

## "Mitt memoar":

I slutten av april starta den fyrste gruppa i kursserien "**Mitt.Memoar.no**". Det er eit "forteljarkurs for vaksne", og målgruppa er folk som har tenkt å leggja etter seg livshistoria si i ein eller annan form - som bok, munnleg forteljing eller ein kombinasjona.

Fyrste gruppe gjekk i samarbeid med Bergen off. bibliotek og samla seks deltakarar. I løpet av kurset laga fem av deltakarane ei munnleg forteljing. Nokre av dei skal bruka opptaket som råstoff i skriveprosess - andre vurderar å avlevera og eventuelt publisera den munnlege forteljinga.

Samlingane vart svært interessante, både som utveksling av livshistorier og - erfaringar, og som diskusjonsforum om store spørsmål som samanhengar mellom levd liv og tradisjonell historieskriving. Ny gruppe startar i Bergen i haust. Me vil gjerne starta fleire - det som hindrar oss er mangelen på kursleiarar

## Eit krafttak for munnleg historie:



I 2017 starta Memoar arbeidet med "Krafttak for munnleg historie i Hordaland", eit kulturelt utviklingsprosjekt med støtte frå Hordaland Fylkeskommune. I 2018 fekk med støtte frå Kulturrådet til å spreia erfaringane frå Hordaland vidare ut: I haust har Memoar fått hovudansvaret for seminar og praktiske treningsøktar i munnleg historie på 12 stader. Samarbeidspartnarar er Landslaget for lokalhistorie, Norsk etnologisk gransking, Folkeminnesamlinga og 12 lokale medarrangørar landet rundt.

## Munnleg historie i den kulturelle skulesekken:

Snart skal du kunne gå rundt på Møhlenpris i Bergen og høyra lokale stemmer fortelja om levd liv på stadene du går forbi. Det har lenge vore ambisjonen i eit samarbeid mellom Memoar, historiegruppa i Sportsklubben Djerv og Møhlenpris skule. Ada Freng står i spissen for utviklinga av ein søknad til DKS der skuleelevar blir involvert gjennom å intervjuja eldre om gamle dagar, og kvarandre om å leva i bydelen i dag. Planen er at alt skal inn i ein "app" som skal lagast saman med [Fotspor.mobi](#). tviklingsarbeidet kan fylgjast her: [mohlenpris.blogspot.com/](http://mohlenpris.blogspot.com/)



## Forteljarpanel i Bergen 30. september:

Barndoms- og ungdomsminne frå krigsåra og tidleg etterkrigstid vert tema for eit forteljarpanel som skal arrangerast av Memoar og Lokalhistorisk avdeling på Bergen offentlege bibliotek tirsdag 30. september. Les meir på [Bergen.Memoar.no](http://Bergen.Memoar.no)

Dei tolv lokale samarbeidspartnarane er:

Samisk museum i Varangerbotn, Alta Museum, Trondenes Historiske Senter, Maihaugen, Hallingdal Museum Nesbyen, Glomdalsmuseet i Elverum, Orkla Industrimuseum på Løkken Verk, Tingvoll Musuem, (ein samarbeidspartnar i Sogn og Fjordane er ikkje avklart), Norsk Industrierbeidermuseum, VestAgdermuseene og eit museum til på austlandet som enno ikkje er avklart. Les meir: [Krafttak.Memor.no](http://Krafttak.Memor.no)

## Eit langt skritt i retning eit norsk "Mnemotek":

**minner**  
Norsk Folkemuseum

Gjennom det nye innsamlings- og formidlingsverktøyet [Minner.no](http://Minner.no) har Folkemuséet og Norsk etnologisk gransking tatt eit langt steg framover mot visjonen om eit "munnleg riksarkiv" i Noreg. Både offentlege institusjonar, privatpersonar og frivillige organisasjonar som Memoar skal kunne leggja inn og henta ut munnleg historie og minner i andre format, alt etter kva som er avtalt med den einskilde opphavsmann eller -kvinne.

Memoar er invitert med som partner i eit felesprosjekt med 12 musé og 19 ulike intervjuinnsamlingar landet rundt. I tre år framover skal me ta del i eit samabeid som fyrst og fremst handlar om å utvikla [Minner.no](http://Minner.no) til eit tenleg fellesverktøy. Dei same 12 partnarane blir også invitert til å vera med på "Krafttak"-prosjektet, som dermed blir ein Ntjuvstart"



## Ny memoarkonferanse 8. og 9. mars 1919!